

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015

I samband med RS 47/15 "Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følgje av endring i reisemønster" bad **Astrid F. Selsvold** på vegner av A om følgjande:

"Fylkesutvalet ber om å få eit notat som gjeld status på ferjetilbodet Kvanndal-Utne-Kinsarvik til neste møte. Fylkesutvalet ber om at det vert god dialog med Ullensvang herad i saka."

I samband med RS 50/15 "Busstilbod til Sotra vidaregåande skule - Svar på oversendingsforslag" viste **Aud Karin Oen** til brev av 13.02.2015 frå Sund kommune, og spurde kvifor dette ikkje var nemnd i meldinga. Kst. direktør for Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, opplyste at då meldinga vart laga var brevet pga. ein inkurie ikkje saksbehandla. Skyss har no svart kommunen. Fylkesrådmannen vil leggje fram oppdatert informasjon i neste møte.

I samband med RS 41/15 "Driftsproblem på Bybana" gjorde **Sigbjørn Framnes** merksam på at det er Keolis, ikkje Nobina, som er operatør for Bybanen.

I samband med RS 56/15 "Fylkestinget sitt vedtak av regional plan for attraktive senter i Hordaland 10.12.2014 – Klargjering" sette **Mona Røsvik Strømme** på vegner av H, Frp, V, KrF, SV, SP og A fram slik oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Punkt 2a)

Legge til: nettverk av lokalsentre i Bergen har en regional funksjon."

Røysting

Strømme sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 53/15 "Vegavgift på naturgass. Økonomiske fylgjer for bussdrifta i Hordaland" tok **Nils-Olav Næss** opp problemstillingar knytt til standardisering. Fylkesutvalet drøfta problemstillingane.